

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Toknedal

Emne: Folkelige Musikkinstrument.

Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Ola E. Skensås

Gard: Skensås

(adresse): Toknedal

G.nr. 34 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. 23. år og gardsarbeidar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Lurarar som har vore rilla saman av bork, kjennur me ikkje til her. Men til barnelike har det vore vanleg å laga noko me kallar „halmpipe“, men det kan me ikkje kalla for instrument, då det berre kurrer gje ei einiskild tone.

Ein laga di på den måten at ein tok eit halmstrå på omlag 4-5" med stråknuten på den eine enden som då skreiv for lufta. Ein skar laus ein klaff på sida, og når ein då bles i den opne enden fekk ein fram ei tone.

2. Vipipe er noko vi lagar på føresumaren av ymse treslag når borken er laus. På den kan vi nok få fram fleire toner med di ein kan laga fleire hol, slik som på ei fløyte. Det er og mest brukt som barnelike.

3. Slike rangler som det her er spürt om er heilt ùkjint.

Mer staver med ringar er godt kjint. Dei vart og laga på fjörsúmaru nær borku på trea var laus. Ein skar út ringar av borku anten rúndt eller í skeruformu på staver. Den borkfrie randa mala vi med ei slag farge, og nær farga var torr tok ein vekk det som var allt av borku. Ein kalla desse stavane for „randútstaver“.

4. Á laga smell med papirposur er svært vanleg, líkveis á leggja lauvblad på handa og slá í sund.

Klokkublomar har og vore brúkt til á laga smell med, og dá helst med „Eugsmulle“. Allt dette vart jo gjört berre for moro skúld.

Lo ein í lúfta med ei svöpe, sá fekk ein fram smell; det var nok til á jaga på hestane útán á vera attpá lei med svöpa. Det har vore brúkt ymse slag skot som satútt ved ymse festlege höve. Og det har nok vore skútt med gevr over stader der dei trúdde det var vonde makter.

5. Lydar og ùlydar mot vonde makter og sjúkdóm er heilt ùkjint for meg.